

## Kontrakt medlemsbedrift



Opplæringskontoret for  
Indre Hordaland

Medlemskontrakta er inngått mellom

Opplæringskontoret for Indre Hordaland og underskrivne medlemsbedrift.

1. Verksemda godkjenner dei til ei kvar tid gjeldande vedtekter for Opplæringskontoret. Opplæringskontoret pliktar å yta den service og rettleiing til verksemda og lærlingane som vedtektene for Opplæringskontoret krev. Opplæringskontoret pliktar å driva etter dei offentlege reglar og forskrifter som gjeld for fagopplæring.
2. Medlemsskapen er grunna på samarbeid mellom medlemsverksemdar, opplæringsorganisasjonar, vidaregåande skule, lærlingar og yrkesopplæringsnemd. Medlemsverksemdene skal leggja tilhøva til rette slik at Opplæringskontoret kan utføra dei tenestene og den rettleiinga som kontoret er sett til å driva. I dette inngår at dersom verksemda der lærlingen er tilsett ikkje kan gje alle delar av opplæringa i periodar, pliktar dei andre medlemsverksemdene innan bransjen til å stilla seg open for i ta imot lærlingen for ein kortare periode etter avtale.
3. Medlemsverksemda som skal ha lærlingar gjennom Opplæringskontoret for Indre Hordaland, stadfestar med si underskrift å ha lese vedtektene og at dei er kjende med sitt ansvar for den faglege opplæringa. Verksemda tek sjølv over ansvaret for læretilhøvet om dei melder seg ut av Opplæringskontoret for Indre Hordaland.
4. Denne kontrakta gjeld frå dags dato, og kan seiast opp med oppseiingstid etter vedtektene (6 mnd. med verknad for påfølgande år) .
5. Kontrakta er skriven i to (2) eksemplar, eit til kvar av partane.

Dato:

For Opplæringskontoret for Indre Hordaland:

For verksemda:

Verksemd:	Foretaksnr:
Postadr:	Postnr:
Kontakt:	Tlf:
Faxnr:	Epost:
Kontonr:	